



Vedtak - Vestland - Innføring av fisketid etter laks og sjøaure i fredingssoner i regionen Hordaland

Statsforvaltaren i Vestland innfører fisketid etter anadrom fisk i alle fredingssoner i regionen Hordaland. Vi stenger i tillegg fisket etter laks og sjøaure i fredingssona til Modalselva. Vedtaket er heimla i § 5 i forskrift om fiske ved vassdragsutlaup i Hordaland, og gjeld inntil vidare.

Bakgrunn

Vi har fått inn mange meldingar, frå blant anna Norce LFI, om til dels særst høge nivå av lakselus på sjøaure i Hordaland i år. Det er observert mykje luseinfisert og skada aure som har vandra tilbake til brakkvasssoner og elvemunningar for avlusning. Meldingane vi har motteke er fordelt på heile søndre del av Hordaland, frå Etne til Masfjorden, og innover i fjordane.

Vår vurdering

Fiske etter anadrom laksefisk i fredingssoner, har inntil i år fylgt fisketida til sjøaure i vassdraget som renn ut i fredingssona. Etter ei endring i den nasjonale forskrifta om fiske etter anadrom laksefisk i sjøen, er det no lov å fiske etter anadrom laksefisk i fredingssonene i Hordaland heile året.

På grunn av den ekstraordinære situasjonen med mykje prematurt tilbakevandra sjøaure, ser vi trong for å regulere fisket i fredingssonene i Hordaland. Dette for å unngå å auke den potensielt negative effekten lakselus kan få på stammer av sjøaure i Hordaland. Når mykje aure vandrar prematurt tilbake til brakkvasssonene, fører det til at ein større mengde aure er lettare tilgjengeleg for fiske. Dette kan òg vere fisk som er sterkt prega, og ikkje vil handtere ytterlegare stress ved fiske og eventuell gjenutsetting bra.

Å innføre fisketid for laks og sjøaure i fredingssoner i Hordaland, er etter vårt syn naudsynt, særleg av omsyn til sjøauren. Fisketida vil i liten grad endre tilgangen til fiske etter laksefisk for ålmenta. Inntil no nyleg har dette vore dei gjeldande reglane. Det vil framleis vere lov å fiske etter marine artar. Det er alt fisketid i fredingssonene i Sogn og Fjordane, jf. den regionale forskrifta om fiske i og utanfor vassdrag med anadrom laksefisk, Sogn og Fjordane.



Vi innfører fisketid i fredingssone i Hordaland lik fisketida i vassdraget, i staden for å innføre fiskeforbod etter laksefisk i fredingssona. Dette då det skal vere samsvar mellom fiske i sjø og vassdrag. Fisketidene som gjeld for vassdraga og fredingssone, er forskriftsfesta i forskrift om fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-03-15-798>

Modalselva er i forskrift ope for fiske av laks og sjøaure. Forvaltningslaget har stengt vassdraget for fiske i samband med reetableringsprosjektet. Utan grepet frå lokal forvaltning hadde vassdraget vore stengt i forskrift. Vi stenger difor fiske etter laks og sjøaure i fredingssona til Modalselva.

Saka er ikkje sendt på høyring til relevante partar, vi vurderer at det ikkje har vore praktisk mogleg i dette tilfellet. Det haster med å få innført fisketid for å verne særleg sjøauren i fredingssone grunna lusesituasjonen, og vi har difor vurdert at vedtaket er i tråd med § 16 a i forvaltningslova.

Fredingssone er kartfesta og skilta, tabell over fredingssone finn de her:

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1997-06-23-734>

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland innfører fisketid etter laks og sjøaure i fredingssone i regionen Hordaland. Fisketida i fredingssone fylgjer fisketida til sjøaure i vassdraget som renn ut i fredingssona. I tillegg vert fredingssona til Modalselva i Modalen kommune òg steng for fiske etter laks og sjøaure. Vedtaket er heimla i § 5 i forskrift om fiske ved vassdragsutlaup i Hordaland, og gjeld inntil vidare.

Det er framleis lov å fiske etter marine artar i fredingssona, med eigne reglar i 100-meterssone.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følgje.

Med helsing


Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:





Nokre av bileta som er motteke. Bilete 1 frå Frekhaug (B.Neteland). Bilete 2. Hardanger (B.Neteland). Bilete 3. Dalevågen (LFI).

Kopi til:

Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Elveigarlag i Hordaland			
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG



Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
NJFF-Hordaland			